

Retningslinjer for FAU på Vinjar skule

Samansetning

FAU skal bestå av to representantar (klassekontaktar) frå kvar klasse. Mindre klassar (6 elevar og færre) kan ha ein representant og eit varamedlem. Rektor blir invitert til møta, men er ikkje ein del av FAU.

Stemmegiving

Kvar klasse har ein stemme uansett om det er to representantar eller ein representant og eit varamedlem.

Konstituering

FAU konstituerer seg sjølv. Leiaren av FAU blir valt på slutten av våren. Dette skal fortrinnsvis vera ein representant som har vore med i FAU tidlegare. På møtet kor ein vel ny leiari, bør både gamle og nye representantar til FAU vera invitert.

Resten av FAU blir konstituert ved oppstart av nytt skuleår.

Rollefordeling

Leiar

- Er med i KFU, SU og SMU
- Har ansvar for å kalle inn til FAU-møte i samarbeid med rektor
- Leie FAU-møta

Nestleiar

- Er med i KFU, SU og SMU
- Erstattar leiaren ved fråfall

Kasserar

- Føre rekneskapet til FAU
- Har ansvar for å organisere aktivitetsskveldane for 5.-7. klasse: 2 på hausten og 3 på våren

Skrivar

- Skriv referat frå møta. Referat skal sendast til alle medlem i FAU, inkludert evt. vararepresentantar og leggjast ut på den lukka facebook-gruppa til FAU.
- Publisere innkalling og referat på skulen si heimeside under fana til FAU

Medlem

- Formidle aktuelle saker frå klassen sin og lage vegen kort til FAU.
- Ta på seg oppgåver utanom dei faste rollene i FAU.
- Eit medlem må også vera med i SMU

FAU sine forventingar til rektor

- Formidle informasjon om FAU; oppgåver og retningslinjer til foreldra til dei som skal byrje i 1. klasse
- Leggje til rette for eit godt samarbeid mellom heim og skule

- Ha møte med FAU-leiar i forkant av FAU-møte
- Delta på nokre av FAU-møta

Møte

FAU har møte ca 4 gonger i året.

Avslutning

Komiteen skal utgjera foreldrerepresentantane frå 6. klasse og 7. klasse i tillegg til ein representant frå skulen. Representantane frå 7. klasse planlegg, avtalar med skulen, handlar inn og syter for at klassen har pengar til utgiftene. 6. klasse er ansvarleg for sjølve gjennomføringa av festen slik at dei frå 7. klasse har høve til å vera saman med sin elev denne kvelden. Det vera seg oppdekking, matlaging, oppvask og liknande. 6. klasse hentar fleire ressursar i FAU om det er naudsynt.

Arkivering

FAU har fleire permar/bøker med tidlegare referat. Desse blir lagra på skulen. Frå 2018 blir ikkje referat frå møta samla i ein perm, men dei blir publisert på heimesida til skulen.

Ordforklaringar

Forkorting	Forklaring	Samansetning	Evt.
FAU	Foreldrerådets arbeidsutvalg	2 representantar frå kvar klasse	
KFU	Kommunalt foreldreutval	2 representantar frå kvart FAU i kommunen	www.minskule.no/kfau
SU	Samarbeidsutval	2 lærarar, 2 elevar, 2 representantar frå FAU (leiar og nestleiar), 2 frå kommunen (ein politikar og rektor)	Ca 2 møter i året Skulens øvste rådgivande organ. SU har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulen.
SMU	Skulemiljøutval	Alle representantane i SU, inkludert 1 elev og ein representant frå FAU ekstra	Ca 2 møter i året Tek opp saker som handlar om skulemiljøet og det sosiale miljøet